

KULTURMINNEVURDERING

Detaljregulering for Sem Sælands
vei 11 mm. – kulturminnefagleg
vurdering

For: Sintef Energi

På oppdrag frå: Gottlieb Paludan Architects

2020

NOTAT



RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR

INNHold

1. Om dokumentet	3
2. Samandrag.....	4
3. Kulturmiljøet Gløshaugen.....	6
3.1 KUL K 190 Gløshaugen («Nasjonale interesser i by»)	7
Nord - «Elektrokomplekset».....	8
Sør - Gamle Fysikk.....	9
Nordaust – Campusplenen og Gamle Kjemi	10
Aust –Sentralbygga.....	11
Vest.....	12
3.2 Gløshaugen i bylandskapet.....	13
3.3 Planområdet for gang-/sykkelsti	14
4. Vurdering av konsekvensar av tiltaka	15
4.1 Konsekvensar av påbygg Sem Sælands vei 11.....	16
4.2 Konsekvensar av gang- og sykkelveg	17
5. Kjelder.....	19
Kjelder på internett	19
Andre kjelder.....	19
6. KARTVEDLEGG.....	20

1. OM DOKUMENTET

Dokumentet med temakart er utarbeidd av Rådgjevande Arkeologar ANS for plankonsulent Gottlieb Paludan Architects, i tilknytning til detaljregulering av Sem Sælands vei 11, gnr./bnr. 405/217, 405/219 og delar av 405/177. Sintef Energi er tiltakshavar. Det er ikkje gjort synfaring i området som del av dette arbeidet. Dagens situasjon er vurdert på grunnlag av fotomateriale frå oppdragsgjevar, samt Google Maps (Street view og 3D). Dokumentet er meint som eit vedlegg til planforslaget – for utfyllende skildring av tiltaket, inkludert visualiseringar av tiltaket, viser me til hovudleveransen frå plankonsulentten.


Notatet nyttar forenkla metode for utgreiing av temaet, og er ikkje å rekne som ei reell konsekvensutgreiing etter Statens vegvesens Handbok V-712.

Ørjan Engedal har utarbeidd notatet, Oddhild Dokset Engedal har kvalitetssikra arbeidet.

03.11.2020.

2. SAMANDRAG

Gløshaugen er eit særmerkt kulturmiljø med stor (nasjonal) verdi. Miljøet har særskilte utdanningshistorisk verdier, men også arkitektoniske og generelt kulturhistoriske verdier.



Figur 1. Oversiktskart over sentrale kulturminne i vurderinga.

Denne utgreiinga vurderer konsekvensane av påbygg i Sem Sælands vei 11 og etablering av ny gang- og sykkelsti nordover frå Sem Sælands vei 11, på vestsida av Gløshaugen.

Dei mest sårbare elementa i høve til tiltak i Sem Sælands vei 11 er:

- Gamle Fysikk er sårbar i høve til påverknad gjennom innbygging ved tiltak i det opne rommet framfor hovudinngangen i nord, auka volum i høgda, eller ein kombinasjon av desse. I nokon grad vil utvidingar av dagens bygningskropp austover kunne hemme den visuelle kontakten mellom Gamle Fysikk i sør og Gamle Kjemi og Gamle Elektro i nord.
- Kulturmiljøet er sårbart i høve til bryting av dagens overordna høgdeprofil der Hovudbygningen og Sentralbygga ruvar i midtaksen. Høge bygningar utanfor midtaksen kan endre opplevinga av høgdeprofilen – både opplevinga oppe på Gløshaugen, og opplevinga av Gløshaugen utanfrå som del av det vidare bylandskapet.

For etablering av ein gang- og sykkelsti nordover frå Sem Sælands vei 11, bør følgjande faktorar vurderast særskilt:

- Det bør takast størst mogleg omsyn til eksisterande grøntareal, og særleg til trea og grøntareala i området der planområdet og områdefredninga (ASK 87590) overlappar.
- Det bør leggjast vekt på å unngå skjemming av opplevinga av Døveskulen (ASK 87590) ved nærføring på sørsida av bygningen.

Det er vurdert to alternativ for påbygg i Sem Sælands vei 11: 7 etasjar og 8 etasjar. Begge alternativa medfører ei auke i høgda i høve til eksisterande situasjon og vil såleis utfordre dagens høgdeprofil i vestre del av Gløshaugen. I tillegg medfører begge alternativa negativ påverknad gjennom reduksjon av rommet framfor Gamle Fysikk. Denne påverknaden vil opplevast som meir negativ for 8 etasjar enn for 7 etasjar, grunna den større høgda. Begge alternativa vil ha noko negative konsekvensar for kulturmiljøet Gløshaugen, 7 etasjar i mindre grad enn 8 etasjar. Som avbøtande tiltak bør ein reetablere grøntområdet framfor Gamle Fysikk så langt som mogleg. Faktisk konsekvens av påbygg i Sem Sælands vei 11 vil vere avhengig av i kva grad pågåande plan for Bycampus også vil utfordre høgdeprofilen på vestre Gløshaugen.

For ny gang- og sykkelsti er det vurdert tre alternativ (alternativ 1-3). Alle alternativa vil medføre inngrep i dagens grøntareal, inklusive fjerning av tre. Alternativ 1 vil medføre minst inngrep, og vil ikkje medføre inngrep i den freda sonen i det heile. Alternativ 1 medfører såleis langt mindre negativ konsekvens enn alternativ 2 og 3. Med god utjamning av skjæringar og reetablering av grøntareal over den nye vegen, slik at tilhøvet grønt-bygd vert tilsvarende dagens, kan den negative konsekvensen minimerast.

3. KULTURMILJØET GLØSHAUGEN

Trondheim by har tradisjon som lærdomssete som strekkjer seg tilbake til klostera på 1100-talet. I 1760 vart det Det Trondhjemske Selskab skipa i Trondheim, og etter kongeleg approbering i 1767 til Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, vart dette den eldste vitskaplege institusjonen i landet. Trondheim vart med dette også det vitskaplege senteret i opplysingstida i Noreg. Kimen til ei høgare utdanning spesifikt knytt til tekniske fag kom med etableringa av Bergseminaret på Kongsberg i 1757. Denne institusjonen vart i 1814 flytt til det nye universitetet i Christiania. Utover 1800-talet vart det stadig meir aktuelt med eit utvida utdanningstilbod for dei tekniske faga. I 1870 vart Trondhjem tekniske læreanstalt etablert, og dette vart den fremste av fleire tekniske læreanstaltar i landet. Stortingsmann Hermann Foss la i 1833 fram forslag om ein eigen «Technisk skole» i Noreg, men forslaget vart ikkje vedteke før 1904. Vedtaket galdt etablering av Den Tekniske Høiskole, seinare Norges tekniske høgskole (NTH), i Trondheim. Både tidspunktet for etableringa og lokaliseringa til Trondheim må lesast inn i eit større nasjonsbyggingsprosjekt. Fram til denne tid hadde ei høgare teknisk utdanning måtte hentast i utlandet, og det vart rekna som vesentleg for ein ung, sjølvstendig nasjon, å kunne tilby eit utdanningsløp av tilsvarande kvalitet.

Lokaliteten Gløshaugen vart vald over Ladehammeren, og kommunen stilte ei tomt på til saman 30 000 kvadratmeter til rådvelde. Området hadde tidlegare lege som husmannsplassar under Elgeseter gard. Frå midten av 1800-tallet vart Vestre Gløshaugen bygd opp som landstad for Løytnant Sissener. I 1881 kjøpte staten Vestre Gløshaugen til etablering av blindeskule. Her vart drive blindeskule til 1893, seinare Gløshaugen offentlege døveskule frå 1897 til 1917.

I 1910 opna NTH sitt utdanningskompleks på Gløshaugen. Hovudarkitekt Bredo Greve forma det som framleis er kjerna i kulturmiljøet på Gløshaugen: den monumentale Hovudbygningen (1910), Gamle Elektro (1910) og Gamle Kjemi (1910), med det seinare tillegget Gamle Fysikk (1924). NTH utdanna sivilingeniørar og sivilarkitektur, og sjølv om NTH vart lagt under paraplyane Universitetet i Trondheim (UNIT) i 1968 og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i 1996, er Gløshaugen framleis prega av-, og hovudsetet for, arkitekt- og ingeniørutdanninga.

Kulturmiljøet har fleire nivå. På eit overordna nivå kan ein rekne Gløshaugen som eit delmiljø i det overordna miljøet Trondheim by. Vesentleg her er opplevinga av Gløshaugen i det vidare landskapsrommet, som ein del av bylandskapet.

Kulturmiljøet Gløshaugen er definert som eit kulturmiljø av nasjonal kulturminneinteresse i Riksantikvaren sitt NB!-register (KUL K 190 Gløshaugen). Innanfor kulturmiljøet Gløshaugen finst dei einskilde kulturminna i form av bygningar, gateløp og parkanlegg med ulik antikvarisk verdi og varierende formelt vern.

Påverknad frå tiltak i planområdet må såleis vurderast i to nivå:

- Korleis påverkar tiltaket kulturminneverdiar innanfor miljøet Gløshaugen?
- Korleis påverkar tiltaket opplevinga av Gløshaugen som del av det vidare bylandskapet?

3.1 KUL K 190 GLØSHAUGEN («NASJONALE INTERESSER I BY»)

Kulturmiljøet er her definert å omfatte Gløshaugen og bakken ned til og med Studentersamfundet rett sør for Elgeseter bru og Nidelva (tilsvarar KUL K 190, sjå vedlagt temakart). Området er av Riksantikvaren definert å ha kulturminneverdiar av nasjonal verdi. I Trondheim kommune sin arealplan er eit noko vidare område sett av som omsynssone med formål kulturminnevern. Områdefredinga ASK 87590 omfattar eit snevrare område: parkområdet rundt Hovudbygningen i nord, samt dei eldre skulebygningane og det sentrale campusområdet.



Figur 2. Gløshaugen i Askeladden (områdefredning i raudt, kommunalt verneverdige i oransje).

Innanfor området finst enkeltminne og delområde som kan delast i tre verdiklassar:

- freda anlegg,
- anlegg med antikvarisk verdi,
- anlegg og område utan særleg antikvarisk verdi.

Under vert det gjort ein gjennomgang av kulturminneverdiane som kan tenkjast å verte påverka, fysisk eller visuelt, gjennom tiltak i planområdet.

NORD - «ELEKTROKOMPLEKSET»

Bygningen kjend som Gamle Elektro sto ferdig til opninga av NTH i 1910 og er ein av bygningane att etter arkitekt Bredo Greve sin plan for området. Bygningen er omfatta av landsverneplanen for Kunnskapsdepartementet, og er vedtaksfreda (ASK 87590-6).

Tilbygga Elektro A, B1 og C kom til i 1961, Elektro D og B2 i 1971, og Elektro E/F sto ferdig i 1984.

I 1958 vart *Elektrisitetforsyningens Forskningsinstitutt*, EFI, offisielt oppretta i Stortinget. Året etter flytta EFI inn i nytt administrasjons- og laboratoriebygg på Gløshaugen. I 1997 vart EFI-bygget utvida, og året etter vart EFI og delar av SINTEF Energi slegne saman til SINTEF Energiforskning AS. Med oppføringa av Elektro E/F i 1984 vart EFI-bygget bygd saman med det store Elektrokomplekset. Dagens bygning i Sem Sælands vei 11, den sørlegaste i komplekset, omfattar EFI-bygget frå 1959 med utvidinga frå 1997.



Figur 3. Gamle Elektro, skråfoto. Google Maps (3D).

Med unntak av Gamle Elektro er bygningsmassen i Elektrokomplekset ikkje vurdert å ha antikvarisk verdi i Byantikvaren sitt Aktsomhetskart. *Gamle Elektro er vurdert til stor verdi, arkitektonisk, kulturhistorisk og utdanningshistorisk.*

Verdiane i komplekset er avgrensa til Gamle Elektro. Denne bygningen har avgrensa siktliner til Sem Sælands vei 11 og er relativt robust i høve til endringar i dette området.

SØR - GAMLE FYSIKK

Bygningen vart oppført i 1925 etter teikningar av arkitekt Bredo Greve. Særleg inngangspartia knyter an til dei andre bygningane av Bredo Greve, og hovudinngangspartiet mot nord er særleg påkosta – med trekk frå klassisisme og til dels med sakralt preg. Til skilnad frå dei andre av Greve sine bygningar vart Gamle Fysikk oppført med rosa farge på dei pussa murfasadane. Bygningen vart forlengd sørover i 1951, i same stil. I dag er også Gamle Fysikk knytt til nabobygningen i vest gjennom ei enkel glasbru.

Bygningen har stor grad av autentisitet utvendig, med dører, vindauge, materialbruk og detaljering i stor grad i tråd med det opphavlege.



Figur 4. Gamle Fysikk, skråfoto. Google Maps (3D).

Gamle Fysikk er omfatta av landsverneplanen for Kunnskapsdepartementet, og er vedtaksfreda (ASK 87590-3). Kulturminnet har stor verdi, arkitektonisk, kulturhistorisk og utdanningshistorisk. I dag er også grøntarealet med plen og tre, ein viktig kvalitet i opplevinga av kulturminnet.

Gamle Fysikk ligg vis-vis Sem Sælands vei 11 og er sårbar for tiltak i dette området. Dette gjeld visuell påverknad frå volum tilsvarande det eksisterande, samt auka volum i høgd. Særskilt sårbar er bygningen for innbygging, det vil seie reduksjon i det opne, grønne rommet framfor hovudinngangspartiet i nord.

NORDAUST – CAMPUSPLENEN OG GAMLE KJEMI

Gamle Kjemi er saman med Hovudbygningen og Gamle Elektro, bygningar frå det opphavlege høgskuleanlegget frå 1910. Bygningen er omfatta av landsverneplanen for Kunnskapsdepartementet, og er vedtaksfreda (ASK 87590-4). Parkområdet mellom Hovudbygningen og Gamle Kjemi er også freda med formål å sikre indre campus. Gamle Kjemi er vurdert til stor verdi, arkitektonisk, kulturhistorisk og utdanningshistorisk. Campusplenen er essensiell som miljøskapande element i kjerna av kulturmiljøet Gløshaugen.



Figur 5. Gamle Kjemi og Campusplen, skråfoto. Google Maps (3D).

Campusplen og Gamle Kjemi er relativt robuste i høve til tiltak i planområdet.

AUST –SENTRALBYGGA

Sentralbygga I og II er to høghus på 13 etasjar oppført i 1960-åra orientert langs midtaksen med Hovudbygningen på Gløshaugen. Både dei to sentralbygga samt mellombygget mellom dei, og mellombygget inn mot Gamle Kjemi i nord, er teikna av arkitekt Karl Grevstad, og er definerte som kommunalt verneverdige.



Figur 6. Sentralbygga med mellombygg. Google Maps (3D).

Kulturminna er robuste i høve til tiltak i planområdet, med unntak av rivalisering i høgda. Det er Hovudbygningen og Sentralbygga som i hovudsak definerer dagens høgdeprofil på Gløshaugen.

VEST

Døvekyrkja er ei langkyrkje i mur, oppført i 1927. Kyrkja er listeført, noko som inneber at kyrkja er definert som verneverdig med nasjonal verdi. I mange høve medfører dette ei handsaming tilsvarande som for freda bygg.

Bustadblokkvartalet i Schøyens gate/Abels gate/Klæbuveien er definert som kommunalt verneverdig av Trondheim kommune. Bygningskroppen i sør er oppført i 1923 (Schøyens gate 8) og 1925 (Schøyens gate 6).



Figur 7. Verneverdig bustadblokk og Døvekyrkja, skråfoto. Google Maps (3D).

Grunna avstand og topografiske tilhøve er kulturminna i vest robuste i høve til tiltak i planområdet.

3.2 GLØSHAUGEN I BYLANDSKAPET

Gløshaugen er ei høgd sør for Trondheim sentrum, sør for Elgeseter bru. Bygningsmassen på høgda utgjer eit markant, samla og slutta bygningsmiljø knytt til høgare utdanning – med tilnamnet «Trondheims Akropolis». Hovudbygningen vender seg mot Nidarosdomen og har eit formspråk som medvite spelar på formspråket i kyrkja.



Figur 8. Gløshaugen sett frå Elgeseter Bru. Google Maps (Street View).

Det er i fyrste rekkje hovudbygningen og dei to høge sentralbygga frå 1960-åra som gjev kulturmiljøet ein karakteristisk profil i bylandskapet. Medan høgdenivået på bygningane aust for midtaksen er varierende, med fleire bygg som ragar over dei gamle skulebygningane, er området vest for midtaksen meir uniformt i nivå med Gamle Fysikk og Gamle Elektro.

3.3 PLANOMRÅDET FOR GANG-/SYKKELSTI

Planområdet omfattar areal for ny gang- og sykkelsti nordvestover frå Sem Sælands vei 11. I sør strekkjer dette seg langs kanten av Gløshaugplatået, langs vestsida av Elektrokomplekset. I nord går planområdet inn i arealet omfatta av områdefredninga ASK 87590. Det freda parkanlegget nord, vest og aust for Hovudbygningen, omfattar plenar, hekkar, gangvegar og store tre av bjørk, lerk, kastanje og eik. tillegg til det freda uteområdet, har planområdet her nærføring til to freda bygningar.

Bygningen i vest, ASK 87590-7, vart opphavleg reist som våningshus på landstaden til løytnant Sissener i 1850. I perioden 1886 til 1917 var bygningen brukt som spesialskule, fyrst for blinde, seinare for døvstumme. Sidan 1919 har bygningen vore brukt av NTH, seinare NTNU.

Bygningen i aust, ASK 87590-10, vart teikna av arkitektane Solberg og Christensen som styrarbustad for Gløshaugen offentlege døveskole, og oppført i 1898.

Planområdet er her allereie prega av vegar og planerte flater med grus/asfalt. Hovudutfordringa er likevel tiltak i høve til grøntområda, særleg tiltak som medfører fjerning av tre.

Verdiane i området er først og fremst sårbare i høve til inngrep i, og reduksjon av, grøntareal. Den freda bygningsmassen vert vurdert som robust i høve til etablering av ein gang- og sykkelsti.



Figur 9. Døveskulen og styrarbustaden til venstre i bildet. Skråfoto. Google Maps (3D).

4. VURDERING AV KONSEKVENSAAR AV TILTAKA

Nedanfor er vurdert konsekvensar av to alternativ for påbygg og tre alternativ for gang- og sykkelsti. Alle alternativa er vurdert opp mot eit 0-alternativ som inneber framhald av dagens situasjon. Vurderingane bør likevel også lesast i lys av at det pågår ein parallell planprosess for Bycampus Elgeseter. I planprogrammet heiter det at denne «utfordrer viktige kulturminneverdier og eksisterende grøntstruktur» (Trondheim kommune 2019b).

Alternativ for påbygg:

- 7 etasjar
- 8 etasjar

Alternativ for gang-sykelsti:


- Alternativ 1
- Alternativ 2
- Alternativ 3

4.1 KONSEKVENSAV PÅBYGG SEM SÆLANDS VEI 11

Skilnaden på dei to alternativa er høgda på påbygget. Begge alternativa medfører ei auke i høgda i høve til dagens situasjon. Begge vil såleis ha noko negativ påverknad på kulturmiljøet Gløshaugen: dei vil påverke opplevinga av kulturmiljøet frå avstand, og påverke opplevinga inne i miljøet. Dette skuldast at påbygget vil utfordre dagens høgdeprofil i vestre del av Gløshaugen. Faktisk konsekvens vil vere avhengig av i kva grad pågåande plan for Bycampus *også* vil utfordre høgdeprofilen.

I tillegg medfører begge alternativa negativ påverknad gjennom reduksjon av rommet framfor Gamle Fysikk. Denne påverknaden vil opplevast som meir negativ for 8 etasjar enn for 7 etasjar, grunna den større høgda.


Begge alternativa vil ha noko negativ konsekvens for kulturmiljøet Gløshaugen. 8 etasjar vil ha større negativ konsekvens for kulturmiljøet enn 7 etasjar. Som avbøtande tiltak bør ein reetablere grøntområdet framfor Gamle Fysikk så langt som mogleg.



Figur 10. Fasadeoppriss med relevante høgdelinjer: eksisterande situasjon (øvt), 7.etasjar, og 8.etasjar (nedst).


4.2 KONSEKVEN SAR AV GANG- OG SYKKELVEG

Det er laga tre alternativ for gang- og sykkelveg på vestsida av Elektrokomplekset (ÅFRY 2020). Alle alternativa vil medføre inngrep i dagens grøntareal, inklusive fjerning av tre. Alternativ 1 vil medføre minst inngrep, og vil ikkje medføre inngrep i den freda sonen i det heile. Alternativ 1 medfører såleis langt mindre negativ konsekvens enn alternativ 2 og 3. Med god utjamning av skjæringar og reetablering av grøntareal over den nye vegen, slik at tilhøvet grønt-bygd vert tilsvarande dagens, kan den negative konsekvensen minimerast.




Figur 11. Gang- og sykkelveg, alternativ 1 (AFRY alternativsvurdering).

NB! Illustrasjoner av alternativ 1-3. er fra en tidlig utforskning av gang- og sykkelveg



Figur 12. Gang- og sykkelveg, alternativ 2 (AFRY alternativsvurdering).



Figur 13. Gang- og sykkelveg, alternativ 3 (AFRY alternativsvurdering).

NB! Illustrasjoner av alternativ 1-3. er fra en tidlig utforskning av gang- og sykkelveg

5. KJELDER

NTNU 2017: Rapport om Laboratoriebygninger på Gløshaugen. NTNU eiendomsavdelingen.

Riksantikvaren 2003: Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar. Rettleiar. Oslo, 2003.

Riksantikvaren 2010: Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven. Versjon juni 2010. Veileder. Oslo, 2010.

Riksantikvaren 2015: Veileder. NBI-registeret. Databasen for historiske byområder. Oslo, 2015.

Statsbygg 2011: Landsverneplan for Kunnskapsdepartementet (tekstdel, historiedel samt katalogdel for kompleks 9900496 Gløshaugen). Regjeringen.no.

Tegn 3 2017 Mulighetsstudie – Fortetting av Gløshaugen.

Trondheim kommune 2013: Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer 2013-2025. Vedteken 31.10.2013.

Trondheim kommune 2019a: Stedsanalyse Bycampus.

Trondheim kommune 2019b: Planprogram for universitets- og campusformål i Bycampus Elgeseter. Godkjent bystyre 25.04.2019.

ÅFRY 2020: Alternativsvurdering for gang- og sykkelsti (Gløshaugen).

KJELDER PÅ INTERNETT

Kjeldene er besøkt 25.08-06.09.2020.

- Byantikvaren i Trondheim sitt Aktsomhetskart.
<https://www.trondheim.kommune.no/tema/bygg-kart-og-eiendom/byantikvar/byantikvaren/#heading-h2-3>
- Askeladden. Rikantikvarens kulturminnedatabase. <http://askeladden.ra.no/>
- DigitaltMuseum. <https://digitaltmuseum.no/>
- Google Maps Street View.
- Skedsmo kommunes kartverktøy, temakart for kulturminner:
https://kartutside.skedsmo.kommune.no/Html5Viewer/index.html?viewer=Temadata_v20.HTML5-viewer&locale=nb-NO&layerTheme=Kulturminner

ANDRE KJELDER

Ødegaard, Beate, SINTEF Energi AS, Administrasjonssjef, e-post 26.08.2020.

6. KARTVEDLEGG

Kulturminnevrdering
Sem Sælnds vei 11
TEMAKART KULTURARV



NASJONALE INTERESSER I BY (NB1)




PLANOMRÅDE

N




RÅDGJEVANDE
ARKEOLOGAR



0 200 400 m







Kulturminnevrdering Sem Sælandsvei 11
TEMAKART KULTURARV

- Kommunalt verneverdig
- Freda gjennom forskrift/vedtak
- Verna etter Plan- og bygningslova
- Planavgrensning



RÅDGJEVANDE
 ARKEOLOGAR







**Kulturminnevrdering
Sem Sælands vei 11
TEMAKART KULTURARV**

- VERDI:
- FREDA (FORSKRIFT/VEDTAK)
 - KOMMUNALT VERNEVERDIG
 - LISTEFØRT KYRKE
 - NASJONALE INTERESSER I BY
 - PLANOMRÅDE



RÅDGJEVANDE
ARKEOLOGAR





Kulturminnevrdering Sem Sælandsvei 11
TEMAKART KULTURARV

- Kommunalt verneverdig
- Freda gjennom forskrift/vedtak
- Verna etter Plan- og bygningslova
- Planavgrensning



RÅDGJEVANDE
 ARKEOLOGAR

